


Nærøyfjordområdet

– det sørlege delområdet av verdsarven vår

- Strekk seg inn i 4 kommunar – Aurland mest
- Omf. delar av kommunane sitt areal
 - verna naturområde + nokre busette område
 - 6 naturvernområder
 - Undredal, Bakka, Gudvangen, Dyrdal
 - Nærøydalen
 - Undredalen
 - Breisnes
 - Indre og ytre Aurlandsfjorden

Verdsarv ≠ vern

1. Verdsarvområdet omf. meir
2. Vernestatus føresetnad for verdsarvstatus!
3. Verdsarv understreker verdi og er ei oppmoding til å verdsetje og ta vare på!



Nærøyfjorden Verdsarvpark – kva er det?

- ein regionalpark
 - eit geografisk avgrensa område for stadbasert verdiskaping
→ eit geografisk utviklingsområde
- ein organisasjon
 - Stifta i 2008 av fylkeskommunen og verdsarvkommunane
 - Verktøy for å sameine vern og verdsarv med verdiskaping og utvikling
 - Støttefunksjonar basert på lokale behov
 - Utfører mange ulike oppgåver innan fleire fagfelt og for / i lag med aktørar på tvers av sektorar, nivå og geografiske grenser
 - Bistår, koplar og samarbeider



Verdsarvstatus – ein status med positive ringverknader

- Sidan 2005 – hundredals millionar til tiltak, arrangement og prosjekt
 - Bygningsvern, tiltak og investeringar i landbruket, tilrettelegging for ferdsel, informasjonstiltak, undervisningsopplegg for barnehagar og skular, forskning
 - Eigne tilskotsordningar
 - Verdsarvstatus utløyser lettare midlar
 - Verdsarvparken som verktøy
- Potensiale til styrking av omdømme og attraksjonskraft
 - Stoltheit, identitet og tilknytning
 - Bygge fellesskap i eigen kommune og på tvers
 - Busetnad og tilflytting
 - Næringsliv: merkevarebygging, produktutvikling, økt inntening
- Ergo: Utan verdsarvstatusen → betydeleg tap av kulturarv og landskap, dårlegare tilrettelegging for friluftsliv og ferdsel, mindre tilbod til skulane, mindre aktivitet og inntening for reiselivet!

Er det nytteverdien til verdsarven som avgjer om den er verdt å ta vare på?



Nytteverdi eller ei:

Verdsarv handlar om det finst noko i verda som har ein overskridande verdi i både tid og rom, og ein eigenverdi, som me har eit felles ansvar for å hegne om. Utan desse verdiane blir verda – og vi menneske – fattigare.

Me har det vestnorske fjordlandskapet som nettopp har ein slik overskridande verdi – verdiar som lett kan gå tapt om me ikkje tenkjer oss godt nok om korleis me nyttar - og let vere - å nytta dei.